

Pedro og kapteinen

AV MARIO BENEDETTI



Mario Benedetti:

Pedro og kapteinen

Pedro

Nils Sletta

Kapteinen

Bjørn Skagestad

Elisabeth Bang les «Håp» og «To pluss to» av Ariel Dorfman, «Torturist og spegel» av Mario Benedetti og «Kvar er dei?» av Térésa Pérez. Alle dikta er omsette av Anne Møgster.

Omsett av **Sigrun Slaggard**

Regi: **Pål Skjønberg**

Scenografi og kostyme: **Arne Walentin**

Maske: **Torunn Løken**

Inspisient: **Egil Rolland**

Rekvisitør: **Knut Jarle Hvitmyhr**



Sufflør: **Sissel Lillo-Stenberg**

Musikken er henta frå «Rigoletto» og frå plata «El pueblo unido jamas sera vencidos» med gruppa Quinapayun: «Elegia para Che Guevara» og «El rojo gota a gota ira naciendo».

Ein pause – mellom framsyninga og orienteringa frå Amnesty International.

Premiere på Scene 2

29. oktober 1983.



Ein presentasjon av Mario Benedetti

I tidsskriftet «Syn og Segn», nr. 5 - 1981, gav Jan Askeland eit portrett av det moderne Uruguay og forfattaren Mario Benedetti i artikkelen «Uruguay – frå velferdsstat til diktatur». Artikkelen vart først utarbeidd til eit seminar i Bergen i 1979 kring temaet «Litteratur og samfunn i Latin-Amerika». Nedanfor følgjer eit utdrag av denne artikkelen. Vi vil samstundes gjere merksam på at romanen «La tregua» – som er komen på svensk under tittelen «Nådatiden» (Nordan 1983) – er under omsetjing til norsk og blir utgitt på Gyldendal neste år.

Mario Benedetti vart fødd i 1920 i Paso de los Toros i det indre av landet, men familien flytte til Montevideo då Mario var fire år, og i heile oppveksten budde han der. Som mange andre i Montevideo vart han tidleg fanga inn i eit byråkratisk miljø, og mellom anna fekk han prøva seg som sekretær, kasserar og bokhaldar før han vart fast knytt til aviser og tidskrift som journalist og kritikar. Året 1959 blir på mange vis eit vendepunkt for Benedetti. Han dreg til USA, og opphaldet der blir eit stort vonbrot for han. Der får han med egne augo sjå «imperialismens sanne andlet», at fattigdom, vald og urettferd lever side om side med den største rikdom og luksus. Det same året gjer revolusjonen sitt inntog på Cuba og gjev von om at sosialistiske idear også kan slå igjennom i Latin-Amerika. Benedetti blir etter kvart ein av dei mest ihuga forsvararane av den kubanske revolusjonen, og utover i 60-åra reiser han fleire gonger til Cuba for å ta del i ymse aktivitetar rundt tidsskriftet Casa de las Américas. Han gjer òg fleire andre reiser i denne perioden, m.a. til Stockholm og København etter å ha vunne fyrstepremie i ein journalist-konkurranse organisert av SAS. I 1966 var han ei kortare tid i Paris, der han hadde arbeidd både som opplesar i fransk radio og som sekretær for UNESCO.

Mot slutten av 60-åra og fyrst på 70-talet er han stort sett knytt til det velrenommerte tidsskriftet Marcha i Montevideo, der han skreiv uredde artiklar mot undertrykkinga og mot den ettergjevande statsleinga. Han blir ein av



Mario Benedetti (foto: Rogelio Cuellar).

grunnleggjarane og leiarane for den politiske gruppa el Movimiento 26 de Marzo, som langt på veg representerer Tupamaros-geriljaen politisk. Før valet i 1972 gjer han seg til ein ihuga talsmann for Frente Amplio (den breie fronten), som slår ein bresje i to-partisystemet ved å vinna flest røyster i Montevideo. Etter kvart som det politiske klimaet blir hardare utover i 1973, kjem Benedetti meir og meir i søkjeljoset til dei militære, og han rømmer difor or landet, i fyrste omgang til Argentina. I sin tur blir han utvist både frå Argentina og Peru, og han slår seg då ned i Havana, der han som forfattar og bladmann blir ein sentral person i motstandsarbeidet mot diktaturet i heimlandet. Benedetti bur på Cuba frå 1977 til 1980, då han flytter til Palma de Mallorca for å arbeida som kulturredaktør i IPS-tercer mundo – det alternative pressebyrået for den tredje verda.

Bokproduksjonen til Benedetti er svært omfattande, og han har prøvd seg – med stort hell – innan dei fleste genrar, ja, han har til og med blåse nytt liv i ein utdøyande genre: romanen på vers. Det er difor ikkje til å undrast over at den chilenske kritikaren Fernando Alegría kallar han «el escritor mas versátil de nuestra América», den mest mangslungne forfattaren i vår del av Amerika. Frå den fyrste perioden vil eg få

nemna tre titlar: ei poesisamling, «Poemas de la oficina», 1956, ei novellesamling, «Montevideanos», 1959 (utv. utg. 1962) og ein roman, «La tregua», 1960.

«Montevideanos» tek opp den same tematikken som «Poemas de la oficina»: det trivielle, rutineprega livet som er sentrert kring jobben i byråkratiet. Novellene skildrar livet til «tipos promedios», den jamne mann, og syner hans middelmådige ambisjonar. Personane er framandgjorde både i arbeidet sitt og i familietilhøva. Der er ikkje teikn til klassemedvit endå det er ei tydeleg inndeling i hierarkiske strukturar i dette samfunnet, med eit gap mellom «los jefes» og «los subordinados». Dei som står lågast, overtek berre verdiane til høgborgarskapet, og tydeleg er draumen om «la escala social», om det å stiga i det sosiale hierarkiet.

Romanen «La tregua» tek òg sitt utgangspunkt i kontormiljøet og er ei kjærleikshistorie mellom ein aldrende funksjonær og ein yngre sekretær. Men ideen om kvinna som vare eller trofé må her vika plassen for eit syn på kvinna som medarbeidar og kamerat, og individuelle problem tek til å bli tettare knytte til dei meir kollektive. Romanen introduserer såleis nye element, men det er likevel ein klår tematisk samanheng i desse fyrste bøkene til Benedetti. Montevideo eller bytematikken utgjer sentrum i diktarverda, og det småborgarlege livet ein møter, er prega av frustrasjonar, framandgjerjing og moralsk og økonomisk stagnasjon. Personane verkar som om dei er fanga i sosiale roller, og dobbeltmoralen, egoismen og det å leggja vekt på den ytre fasaden blir råka av den ofte bitande ironien til forteljaren. Når det gjeld perioden frå 1960 til 1970, så er det ein lausare samanheng mellom dei ulike tekstane. Ein kan sjå på tiårsbolken som ein overgangsperiode, der det kjem fram nye karakteristika som peikar framover mot 70-åra, då Benedetti står fram som ein militant forfattar, som engasjerer seg mot imperialismen og for eit sosialistisk styre. Frå den perioden vil eg dra fram essaysamlinga «El país de la cola

de paja» (1960), romanen «Gracias por el fuego» (1965), poesisamlinga «Próximo prójimo» (1965) og novellesamlinga «La muerte y otras sorpresas» (1968).

«El país de la cola de paja» gjev ein slags analyse av den moralske krise i landet.

Boka vart litt av ein bestseljar, og inntil 1973 hadde ho kome i heile ni opplag.

Romanen «Gracias por el fuego» vart premiær av forlaget Seix Barral i 1963, men kom ikkje ut i Spania på grunn av sensuren til Franco-styret. Også ti år seinare vart boka forboden av «el Caudillo», og det er kanskje ikkje så underleg, for ho teiknar nettopp eit portrett av ein lokal caudillo i Montevideo, og sjølv om opprøret mot denne, som sonen set i sving, endar i sonens sjølv mord, i frustrasjon, så har i alle høve caudillo-figuren blitt demytifisert, avkledd.

Når det gjeld diktsamlinga «Próximo prójimo», ser ein tydeleg påverknad frå poesien til César Vallejo, og solidaritet blir eit sentralt tema i dikta. Mange av tekstane går ut over den reint nasjonale ramma, og kontinentale og meir universelle problemstillingar kjem meir i fokus. Det same gjeld til ein viss grad òg novellesamlinga «La muerte y otras sorpresas». Samanliknar ein denne boka med novellesamlinga «Montevideanos», finn ein at det er langt mindre organisk samanheng mellom tekstane i den seinare samlinga. Fleire av novellene har fantastiske innslag, og den kanskje mest underhaldande forteljinga er den sjølvironiske «El fin de la disnea» («Slutt på pustevanskane»), som tek sitt utgangspunkt i hans eigne astma-plager. Men her er òg noveller som går inn på den konkrete utviklinga i Uruguay, og som peikar framover mot den meir eintrydige politiske novellesamlinga «Con y sin nostalgia», 1977.

Me er nå komne over i den tredje perioden, og andre bøker eg vil nemna, er «Versos para cantar» (1969) – ei samling politiske songar, «El cumpleaños de Juan Angel» (1971), som er ein roman i verseform, og «La casa y el la-

drillo» (1976), som er den siste poesisamlinga hans.

For å ta diktsamlingane hans fyrst, så vart «Versos para cantar» skrivne i samarbeid med songarinna Nacha Guevara og komponisten Alberto Favara, og dei er ein freistnad på å nytta òg den politiske songen for å få publikum i tale.

«La casa y el ladrillo» er òg halden i ein enkel folkeleg stil, med det føremål å ikkje skapa uturvande barrierar mellom diktar og lesar. Dikta tek opp eksil-problematikk, og tittelen viser til eit sitat av Brecht der det heiter: «Eg liknar på han som bar på ein murstein for å syna verda korleis huset hans var.»

«El cumpleaños de Juan Angel», romanen på vers som kom i 1971, er ei hylling til Tupamarosgeriljaen. Boka som blir sedd på som eit kampskrift, legg vekt på solidaritet og understrekar at det er fyrst når ein står saman at ein vann styrke til å gjennomføre nye idéar. Årsmåldagane til Juan Angel markerer milepelar i den moralske og ideologiske utviklinga hans til dess han i ein alder av på lag tretti år går inn i den revolusjonære motstandskampen.

I 1977 kom så novellesamlinga «Con y sin nostalgia», den førebels siste boka til Benedetti. Det samlande temaet er her – som i «La casa y el ladrillo» – eksiltilværet. Dette tilværet kan vera eit reint fysisk eksil, som når ein person er tvinga til å bu utanfor fedrelandet, eller det kan vera eit eksil av eit anna slag, som når ein tilhøyrer undergrunns- eller marginalgrupper i heimlandet. Andre viktige tema i boka er klasse- og generasjonssolidaritet, døden og kjærleiken, sjølv om kjærleiken hjå Benedetti – med eit par, tre unntak – er ein frustrert og øydeleggjande kjærleik.

Men som eit bakgrunnsteppe til det heile ligg Uruguay, landet som kastar tradisjonar og verdjar – for ikkje å snakka om den oppveksande slekt – på båten. Landet der undertrykking og terror berre aukar, og der levekåra no er verre enn nokon gong, òg så for dei som unngår fengsling og tortur. Sjølv om situasjonen er mørk, er tonen likevel på ein måte meir optimistisk enn i det deterministiske

fiksjonsuniverset ein finn t.d. i «Montevideanos». Og dette har nok samanheng med at forfattaren har endra haldning til mangt og mykje på dei knapt tjuve åra som skil dei to novellesamlingane. Etter kvart som mytane om den demokratiske velferdsstaten ramlar i grus og fascismen viser sitt sanne andlet, blir Benedetti meir og meir ein diktar som tek klare standpunkt i den politiske striden, og dette fargar då òg diktinga hans. Tonen blir skarpare og meir sarkastisk, trongen til kommunikasjon gjer stilen og seiemåten meir endefram og folkeleg, og den nasjonale problematikken kjem atter i sentrum. Humoren har for Benedetti heile tida vore eit viktig våpen både til å avsløre og til å skapa samkjensle. Han vedgår rett nok at humoren kan vera eit tveggja sverd, og at utviklinga i Uruguay ikkje er til å le å akkurat. Likevel brukar han stadig overraskingseffektar og ironi i novellene og poesien sin. Dermed aukar underhaldningsverdien, og med den høvet til kontakt med publikum.

Og Benedetti har alltid teke sikte på å vera ein «escritor comunicante» sjølv om han av den grunn kanskje har blitt ståande noko på sida av boomen i latinamerikansk litteratur – som jo trass alt langt på veg er eit europeisk fenomen, sentrert kring forlaget Seix Barral. Han har òg ved fleire høve blitt skulda for å vera ein lettvtint pamphlett-skrivent, men det tykkjer eg er urettvist mot ein forfattar og kritiker som gong på gong har understreka – og etter mi mening òg synt i praksis – at politisk litteratur framfor alt må vera litteratur og oppfylla reglane for det litterære.

Så langt Jan Askeland. Etterat denne artikkelen var skriven, men i 1979, kom Benedetti med to bøker, utgjevne i Mexico: diktsamlinga «Citidianas» og skodespelet vi spelar i kveld – «Pedro y el capitán». Den siste boka hans til no har ein talande tittel: «Viento del exilio» – eksilets vind.

Mario Benedetti:

Torturen langt der borte

(Trykt i «El Pais» den 21. mars i år.)

Det er ikkje til å kome ifrå at tortur – jamvel som ein liten notis – er djupt urovekkjande. Det er kanskje grunnen til at mange kvinner og menn i Europa – overveldande kjenslevarer – lukkar auga og gjer ei irritert rørsle når TV-skjermen uroar harmonien i heimen deira som ligg utanfor all fare, med ein eller annan kropp som er deformert av den brutale straffa eit menneske har påført eit anna menneske. Og ettersom det i dag i ei rekke område på jorda finst ein verkeleg multinasjonal tortur, er det ikkje lenger eit slags typisk, nesten folkloristisk drag, men i staden – slik Sartre ein gong skreiv – «ein pest som herjar heile vår tid».

Jovisst, notisen om tortur er urovekkjande å sjå, å høyre, å lese. I mange stover har ein høyr, og vil ein høyre, ein irritert kommentar i angelus-timen: «Ver så snill, no er det nok. Vi veit at desse grufulle hendingane finst, men eg vil drikke ettermiddags-whiskyen min i fred.» Desse nektar i det minste ikkje for at det grufulle eksisterer, dei ønskjer det berre ikkje som aperitif.

I andre miljø blir kommentaren ein verdidom: «Det skjer ikkje utan grunn, dei er sikkert ingen englar. Om dei ikkje trudde dei var frigjerarar, ville dei ha studert i dag – det er det dei har ungdomen til.» I denne augneblinken plar sonen i huset, som er student og ikkje trur han er frigjerar, men som har byrja kjenne generasjonskløfta, våge seg på eit avvik: «Dei ville ikkje ha studert, mor. Dei er indianarar og bønder og derfor analfabeta.» Dette er augneblinken da mannen i huset set punktum: «Krig er krig, ferdig med det.»

Å, men likesæla er korkje eksklusivt eller nødvendigvis europeisk. Trass i at ei reise til Europa nærmast er science-fiction for folk med latin-amerikansk valuta, så er sanninga den at det finst ein turisme med ein nyslått valuta. Det handlar ikkje lenger – som for femten år sidan – om det kulturelle borgarskapet eller om ei viss



middelklasse som gjekk og spara i fem år før dei endeleg ein dag kunne gjere den tradisjonelle rundreisa: Madrid, Paris, Roma, og dersom dei framleis hadde fleire reisesjekar: Capri, Lourdes, Sevilla. Denne middelklassa er i dag i beste fall fattig – i verste fall i fengsel. Nei, majoriteten av dei latinamerikanarane som i dag er turistar i Europa, er heilt enkelt krigens profitørar, dei som tener på korrupsjonen, dei sarte familiemedlemmene til bødlane. Og dei blir sjølvsgagt og overraska når dei kjem til Europa og blir møtt med skrivning om overgrep i Guatemala, om folkemord i El Salvador, om dei forsvunne i Argentina. Forsvaret deira er, innlysande nok, total nektning. Politiske fangar? Reint oppspinn frå ei internasjonal undergravingsverksemd. Det finst ikkje ein einaste, tru meg, dei er brotsmenn, og vi må ha orden, fred er nødvendig, folk er nøgde, osb. Og når sonen (som òg byrjar kjenne kilinga frå generasjonskonflikten) mumlar: «Vel, ikkje så nøgde, far», så er det mora som set punktum: «Å, herregud gut, må du absolutt bli ein forsvarar av den tredje verda nettopp her i Europa».

Ingen vil nekte for det: jamvel som ein notis er tortur urovekkjande. Kanskje fordi vi får ei kraftig påminning om at mennesket kan vere grusamt – dette er vi ikkje alltid reie til å vedgå. Mennesket kan vere grusamt og sjølvødeleggjande – for den som praktiserer tortur øydelegg ikkje berre eit medmenneske, han øydelegg og seg sjølv.

Målet og midla

Reint personleg må eg tilstå at psykologien til ein torturist alltid har stått for meg som ei gåte. Det finst noko i meg som kjempar imot å vedgå at eit menneske kan kome så langt i råskap. I si utmerkte innleiing til Henry Allegs kjende bok «Torturen» seier Sartre: «Torturen er ikkje umenneskeleg, torturen er berre eit råt og drukkent brotsverk, utført av menneske, og som andre menneske kan og bør nedkjempe.» Kanskje er det dette det kostar oss så mykje å akseptere: at torturen er ein del av mennesket si skam. Sjølvsgagt er det meir behageleg å akseptere tortur som det avskyelege unntaket som stadfestar den milde regelen. Det er mindre behageleg – men mykje meir realistisk – å godta tortur som ein tendens som faktisk finst i menneska, også – og det er det mest alvorlege – i mange som ikkje har hatt høve til å praktisere tortur.

Kor mange av dei som diskriminerer, kor mange av dei som uttrykkjer bitande meiningar om negrar, indianarar, homoseksuelle, utlendingar osb., kor mange av desse frustrerte sadistane ville bli mishandlarar dersom dei hadde makta?

Her kan vi tenkje på orda til den franske generalen Jacques de Bollardiére, som midt under kampene i Algerie gav opp ein lysande militær karriere fordi han ikkje kunne godta det tortursystemet som kollegaen hans, general Massu, innførte. For Bollardiére var ikkje tortur «berre å vise andre

Amnesty International

er ein politisk, religiøst og økonomisk uavhengig organisasjon som:

– arbeider for frigjeving av *alle* som er fengsla på grunn av si politiske eller religiøse overtyding utan sjølv å ha gripe til vald eller oppfordra til valdsbruk (samvitsfangar).

ein uuthaldeleg brutalitet, men hovudsakleg å *audmjuke*. Det er å tenkje seg at ein ikkje har eit menneske framfor seg, men eit dyr, eit vesen som ikkje er verdig til å vere ein del av samfunnet, korkje i notida eller i framtida». Og han la til: «Vi høyrer at det blir sagt overalt, i Frankrike òg, i dei mest ulike rørsler, at målet helgar middelet. Det er nødvendig å rope ut at ikkje noko mål helgar tortur som middel.» Det er derfor – jamvel om det høyrast paradoksalt ut – at når rekneskapen skal gjerast opp, må ein torturist *adri* bli torturert. Ikkje ein gong i dei tilfelle da han har anstrengt seg for å fortene det. Han må ikkje bli torturert heilt enkelt fordi torturen forrår gjerningsmannen for heile livet.

Andsynes dei som i dag i eit eller anna europeisk land seier at dei er trøytt av torturtemaet frå den andre sida av havet, må ein minne om at torturisten utan tvil er trøyttare. Kanskje, i same augneblinken som eit irritert medmenneske slår av TV'n med dei sjokkerande bileta for å nyte kvelds-whiskyen i fred, eller ei kjenslevar kvinne brettar saman avisa fordi ho er lei av alle erklæringane om straffer langt borte, kanskje i same augneblinken, ein eller annan stad i Latin-Amerika, blir ein ung kvinneleg student valdteken av ein høveleg dressert vakthund, eller hovudet til ein motstandsveteran blir dukka under til han nesten blir kjøvd i ei bøtte med urin og ekskrement, eller indianarbarn blir ofra ved at dei blir slegne mot trestammer.

Og vi kan ikkje sjå bort frå at ein av desse som blir pinte, utan at dei er medvitne om at dei uroar fredelege og fjerne heimar, slyngjer ut eit av desse ukontrollerte skrika, som lik flyttuglar med vonde varsel kryssar tid og hav.

- arbeider for at *alle* politifangar skal få ei rask og rettferdig saksbehandling og ikkje bli haldne i fengsel utan lov og dom.
- motarbeider *alle former* for tortur.
- arbeider for *fullstendig avskaffing* av dødsstraff i krig og fred, verda over.
- hjelper familiene til fangane.
- undersøker og rapporterer om tilhøva i fengsel og fangeleirar verda over.
- følgjer politiske rettssaker.
- sender ut eigne undersøkingskommisjonar som granskar og rapporterer brot på menneskerettane.
- publiserer artiklar og rapportar om brot på menneskerettane, organiserer kampanjar og skaffar bakgrunnsmateriale til eigne medlemmer og massemedia verda over.
- engasjerer fleire hundre tusen medlemmer i land verda over, som på ulike måtar arbeider for samvitsfangane si sak, og for å styrkje menneskerettane.
- arbeider for å spreie kjennskap til og skape respekt for Menneskerettserklæringa frå Dei sam-einte nasjonane.

AMNESTY INTERNATIONAL har om lag 2.900 adopsjonsgrupper og nasjonale avdelingar i 41 land i Afrika, Asia, Europa, Midt-Austen, Nord-Amerika og Latin-Amerika og individuelle medlemmer og kontaktar i ytterlegare 154 land og territorium. Kvar adopsjonsgruppe arbeider for minst to samvitsfangar i andre land enn heimlandet til gruppa. Det skal vere ein geografisk og politisk balanse mellom desse landa for å sikre at handsaminga er upartisk. Opplysningar om fangar og krenkingar av menneskerettane går ut frå undersøkingsavdelinga til Amnesty International i London.

AMNESTY INTERNATIONAL har konsultativ status ved FN (ECO-SOC), UNESCO og Europarådet, samarbeider med Den inter-amerikanske menneskerettskommisjonen og har observatørstatus ved Organisasjonen for afrikansk einenskap.

AMNESTY INTERNATIONAL blir

10g162230



finansiert gjennom kontingentar, innsamlingar og gaver frå institusjonar, organisasjonar og ein-skiildpersonar over heile verda. For å sikre at organisasjonen er heilt uavhengig, blir alle bidraga strengt kontrollerte ved hjelp av retningslinjer vedteke av AIs internasjonale råd, og inntektene og utgiftene offentleggjorde i ein årleg finansrapport.

AMNESTY INTERNATIONAL, norsk avdeling, og Det Norske Teatret samarbeider om fram-syninga i kveld på Scene 2. Det var krinsar kring Amnesty International her i Oslo som gjorde oss merksame på stykket, og kvar kveld etter framsyninga vil representantar for organisasjonen gi ein rapport om saker søkjelyset blir retta mot nett no. Det vil òg bli høve til å stille spørsmål til representanten og drøfte arbeidet i organisasjonen. Amnesty International har òg ansvaret for utstillinga, og distribuerer materiale kring arbeidet i organisasjonen. For Det Norske Teatret representerer denne forma for samarbeid med ein organisasjon utanfor teatret noko nytt. Vi er svært glade for å få høve til å ta del i Amnesty Internationals arbeid gjennom å presentere ei debatt-framsyning som denne. Vi vonar samstundes at dette er første steget i ein serie – at vi i seinare sesongar kan presentere andre former for debatt-teater i samarbeid med andre organisasjonar.